

**STRANDA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

**MØTEINNKLALLING**

---

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 25.02.2010 kl. 16.10 i  
Rådhuskjellaren**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 10. november 2009
- ” 02/10 - Tema for forvaltningsrevisjon 2010 – ny behandling
- ” 03/10 - Brev frå avisas ”Sunnmøringen”
- ” 04/10 - Årsmelding 2009 – Stranda kontrollutval
- ” 05/10 - Møteplan 1. halvår 2010 (til drøfting i møtet)

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
STRANDA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato 10. november 2009 kl. 1600  
Møtestad: "Høgda" Øynasenteret

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Magnar Furset, Arne Ola Stavseng og Kari Johansen  
= **5 voterande**

Hildegunn Brune hadde meldt forfall

Frå sekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte rådmann Ann Kristin Langeland.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 24/09  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13. OKTOBER 2009**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 13. oktober 2009 blir godkjent.

**SAK 25/09  
TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON 2010**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.11.2009.

Drøftingane i møtet peika i retning av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som går på ei analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon. Også kommunen si praktisering av Lov om offentlige anskaffelser vart sett på som viktig. Dersom utvalet

finn det føremålstenleg, kan det gjerast ei deling mellom forvaltningsrevisjonsprosjekt og undersøkingar. Då vil det lettare bli fristilt ressursar også til ei oppfølging av sjølvkostprinsippet innan VAR-sektoren.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil kome tilbake til endeleg vedtak i saka i mars/april.

**SAK 26/09**

**ORIENTERING VED KOMMUNEREVISJONEN OM STATUS FOR  
REVISJONSARBEIDET**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 27/09**

**OPPFØLGING AV TIDLEGARE SAK**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.11.2009

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet finn ikkje svaret på sak 32/08 om dokumentasjon av sjølvkost for 2009 og påfølgjande år tilfredsstillande.
2. Kontrollutvalet vil fortsatt ha VAR – området i Stranda kommune til observasjon.

**SAK 28/09**

**ORIENTERING OM STATSBUDSJETT OG KOMMUNEØKONOMI**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.11.2009

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

Per Berge  
medlem  
(sign.)

Arne Ola Stavseng  
medlem  
(sign.)

Kari Johansen  
medlem  
(sign.)

Magnar Furset  
varamedlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 17.02.2010

**SAK 02/10  
TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON 2010 – NY BEHANDLING**

Som vedlegg følgjer:

- Kontrollutvalsak 25/09

Drøftingane i førre møte peika i retning av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som går på å analysere kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon. Også kommunen si praktisering av Lov om offentlige anskaffelser vart sett på som eit viktig tema.

Kontrollutvalet gjorde vedtak om å kome tilbake til endeleg vedtak i mars/april.

Eit anna mulig tema er gjennomgang av avtale inngått mellom Strandafjellet KF og driftselskapet. Ei analyse (eventuelt ei foranalyse) av kommunen si lånegjeld og gjennomgang av ovannemnte avtale må reknast som relevante prosjekt og som vil vere av ein slik storleik at begge kan gjennomførast utan alt for stor ressursbruk.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Som forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2010, vil kontrollutvalet no prioritere ei analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon samt gjennomgang av avtale inngått mellom Strandafjellet KF og driftselskapet.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 03.11.2009

**SAK 25/09  
TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON 2010**

Plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode vart behandla i kontrollutvalsak 27/08 i møte 21.10.2008. Planen vart seinare behandla av kommunestyret og konklusjonen (vedtaket) lyder slik:

1. *I plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode vil kommunestyret prioritere kritiske prosjektrevisjonar innan rekneskap, økonomi og saksbehandling.*
2. *Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet å velje spesifiserte prosjekt.*

Kommunerevisjonen har starta eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om sentrumsområdet i Stranda. Det er planlagt å få denne rapporten behandla i kontrollutvalet sitt desembermøte.

Som det går fram av vedtaket ovanfor står kontrollutvalet svært fritt i val av tema. Det er viktig å finne nytige og relevante prosjekt for Stranda kommune ut i frå ei overordna analyse av risiko og vesentlegheit. I kontrollutvalet sitt møte 13.10.2009 vart saka utsett og kontrollutvalsekretariatet fekk i oppdrag å legge fram ei prioritert liste til neste møte.

Mulege prioriterte tema:

1. Ei vurdering av storleiken på kommunen si lånegjeld i forhold til økonomisk berekraft og evne til nødvendig tenesteproduksjon og samanlikning med andre kommunar.
2. Kommunen si praktisering av Lov om offentlige anskaffelser.
3. Ny forvaltningsrevisjon av VAR – området (oppfølgingsrapport)
4. Praktisering av saksbehandlingsreglane i forvaltningslova.

Vedkt. 1

Stranda kommune si lånegjeld er i ferd med å bli stor. Det kan derfor vere nyttig å bli gjort kjent med kor stor denne lånegjelda er i forhold til andre kommunar og kva effekt lånegjelda vil kunne ha for kommuneøkonomi og tenesteproduksjon på kort og litt lengre sikt.

## Vedk. 2

Revisjonsrapportar både i stat og kommunar har påvist brot på Lov om offentlege anskaffelser. *Lov om offentlige anskaffelser* § 1 om formål har følgjande ordlyd:

*Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling.*

I Bahrs kommentarutgåve til lova går det vidare fram:

*I utgangspunktet innebærer plikten til å basere alle anskaffelser på forretningsmessighet også en plikt til ikke å ta utenforliggende hensyn i anskaffelsesprosessen. Historisk har det imidlertid vært knyttet vekslende grad av interesse til å benytte offentlige anskaffelsesvirksomhet som et politisk virkemiddel, særlig i distrikts- og næringspolitikken, men også for å ivareta andre samfunnsmessige hensyn. I forarbeidene til lov om offentlige anskaffelser ble det pekt på at internasjonale avtaler satte klare begrensninger for en slik virkemiddelbruk. Slike hensyn ville dessuten lett komme i konflikt med ønsket om mest mulig effektive anskaffelser.*

*I den grad man skal koble andre hensyn inn i anskaffelsespolitikken ble det derfor understreket at de samfunnsmessige krav som eventuelt stilles, systematisk må vurderes ut fra hensiktsmessighet og mulige konsekvenser for målsettingen om å foreta effektive og profesjonelle anskaffelser. Departementet fulgte opp dette ved å peke på at et regelverk som i stor grad prioriterer andre hensyn enn de forretningsmessige, vil hindre oppdragsgiver i å opptre profesjonelt og gi uklare retningslinjer for hvordan konkurranser om offentlige kontrakter skal foregå*

Kommune er ansvarleg for ein grunnleggjande tenesteproduksjon, utøving av offentleg mynde og forvaltar store felles verdiar. Det er derfor nødvendig å sikre at allmennheita har tillit til at kommunen har ein høg etisk standard i si verksemd. Eit viktig verkemiddel for å understøtte høg etisk standard er reglane om offentlege innkjøp.

## Vedk. 3

Forvaltningsrevisjonsrapporten frå 2008 avdekkja vesentlege feil innan gebyrområdet. Ei oppfølging i 2010 vil gi svar på korleis kommunen har etterlevd denne.

## Vedk. 4

Når det gjeld kommunen si praktisering av forvaltningslova blir det vist kapittel III og bør ha fokus mot tema som rettleiingsplikt, svarfristar, saksbehandlingstid og praktisering vedkomande teieplikt.

Det blir lagt opp til ei vidare drøfting av desse temane i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 17.02.2010

**SAK 03/10  
BREV FRÅ AVISA "SUNNMØRINGEN"**

Som vedlegg følgjer:

- Brev datert 19.11.2009 frå "Sunnmøringen"
- Brev datert 30.11.2009 frå advokat Kjetil Kvammen (foreløpig svar)

Det blir vist til dei ovannemnde vedlegga. Avisa ber kontrollutvalet vurdere lukkinga som vart gjort i kommunestyret under behandling av kommunestyresak 122/09, 18.11.2009 opp i mot lovverket.

Kontrollutvalet utfører sine funksjonar på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet er direkte underordna kommunestyret og har ikkje tilsynsansvar overfor sin overordna. Utvalet er heller ikkje eit klageorgan.

På bakgrunn av ovenståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet vil ikkje gå nærmare inn i denne saka.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Sunnmøringen  
Postboks 24  
6201 Stranda

STRANDA KOMMUNE	
REG.NR.	SAKSBEH.
23 NOV. 2009	
ARK.KODE P J.NR.	ARK.KODE S DOK.NR.

19.11.09

Kontrollutvalet i Stranda kommune  
v/ leiar Inge Gjærde

#### VURDERING AV LOVLEG LUKKA DØRER I KOMMUNESTYRESAK

Etter kommunelova er det ikkje mogeleg å klage på vedtak om lukka dører i eit folkevalgt organ.

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med at kommunen si drift er i samsvar med lover og reglar. Vi ber difor Kontrollutvalet vurdere lukkinga av kommunestyremøtet i sak 122/09 18. november 2009 opp mot lovverket.

Vurderinga avgjer korvidt vi vil be Fylkesmannen bruke initiativretten til å foreta lovlegheitskontroll av dette lukkingsvedtaket.

Sak 122/09 handlar om at formannsskapet i møte 2.11.09 løyvde eit lån på 250.000 kroner til Stranda Skisenter AS etter hasteparagrafen. I saksutgreiinga til kommunestyret omtalar rådmannen omstende rundt vedtaket i formannsskapet, mellom anna at lånet vart gjeve over bordet, utan at det låg føre skriftleg lånesøknad og heller ikkje skriftleg saksutgreiing med vurdering av saka. Vidare vedtok formannskapet at lånet skulle takast frå ein post som ikkje kan nyttast til slikt lån, og ber kommunestyret vedta ein annan dekningspost.

Kommunestyret lukkar dørene med heimel i Kommunelova §31.3

Sunnmøringen meiner heimelen ikkje gjev grunnlag for å lukke dørene i denne saka, i alle fall ikkje heile sakshandsaminga. Dersom det knytte seg sensitive bedriftsopplysningar til saka, vil det berre vere desse opplysningane som skal gjevast bak lukka dører, ikkje debatten og avstemminga. Vi meiner også det faktum at dette er ei sak med stor offentleg interesse tilseier opne dører.

Kommunelova regulerer møteoffentlegheit, og i §31.1 heiter det:

*"Møter i folkevalgte organer skal holdes for åpne dører hvis ikke annet følger av lovbestemt taushetsplikt eller vedtak etter denne paragraf."*

Unntaksparagrafen som er nytta i dette høvet (31.3) lyder:

*"Et folkevalgt organ kan vedta å behandle en sak for lukkede dører hvor hensynet til personvern eller andre tungtveiende private eller offentlige interesser tilsier dette. Debatt om dette foregår for lukkede dører hvis møteleder krever det eller vedkommende organ vedtar det. Personalsaker skal alltid behandles for lukkede dører."*

Vi meiner fleire uttaler frå Sivilombodsmannen, samt rundskriv frå Kommunal- og Regionaldepartementet styrker vårt syn på at det ikkje var grunnlag for handsame heile saka bak lukka dører.

I sak 2006/2202 om møteoffentlighet i Nesna kommune uttalar Sivilombudsmannen:  
*"Generelt innebærer møteoffentligetsprinsippet at kommunestyrene må vise varsomhet med å treffe alminnelige bestemmelser om lukking av dørene, særleg i møter der det behandles saker eller sakstyper som har offentlig interesse."*

I ei uttale i 1999 til ei klage på lukka dører ved behandling av skjenkebevilling i Vågå, sier Sivilombudsmannen:

*"Hvis opplysingene knytter seg til en avgrenset del av saken, bør det også vurderes om det er tilstrekkelig at denne delen av møtet lukkes."*

Til slutt viser vi til

Rundskriv om ikraftsetting av endringer i kommuneloven og svalbardloven (om tillitskapende forvaltning mv. i kommuner og fylkeskommuner) av 22. juni 2009:

*"Det er et alminnelig utgangspunkt at det gjelder møteoffentlighet i alle kommunale og fylkeskommunale organer. Møteoffentlighet er en viktig del av lokaldemokratiet. At møteoffentlighet er et alminnelig prinsipp og utgangspunkt, innebærer at unntak fra dette krever særskilt hjemmel, vedtak og begrunnelse. Folkevalgte organer kan altså bare lukke sine møter i de tilfellene hvor loven uttrykkelig påbyr eller hjemler dette. Dette innebærer at lukking bare kan skje i situasjoner hvor de hensynene som ligger til grunn for unntakshjemlene helt konkret gjør seg gjeldende, og at lukking bare skal gjelde de deler av saksbehandlingen hvor lukking er nødvendig. Etter siste lovendring, omtalt over i pkt. 5.1 og 5.2, kreves også protokollering samt at vedtaket om åpne eller lukkede møter kan være gjenstand for selvstendig lovligghetskontroll.*

(...)

*Det enkelte folkevalgte organet har altså en begrenset adgang til å lukke dørene ved behandling av enkeltsaker. Det forutsetter at hensynet til personvern eller andre tungtveiende hensyn tilsier det. § 31 nr. 3 er uansett ment å være en unntaksbestemmelse. Hvor langt denne rekker må tolkes konkret, men det viktig å understreke at den konkrete vurderingen må ta utgangspunkt i en generell, restriktiv holdning til lukking av dører. Vilkåret for lukking på dette grunnlaget er at det er et konkret og aktuelt problem i den aktuelle saken.*

(...)

*Når et kommunalt organ vedtar å lukke et møte med grunnlag i kommuneloven § 31 nr. 3, er det viktig at organet gjør grundig rede for de vurderingene som er gjort, slik at det vil være mulig for Fylkesmannen ved en lovligghetskontroll, og for presse og publikum, å vurdere om grunnlaget for lukking er tilstede.*

(...)

*Andre private interesser som kan tilsi lukking, kan være forretningsmessige eller åndsverkmessige hensyn. Også dette må det være adgang, og etter omstendighetene plikt til, å legge avgjørende vekt på i form av et lukkingsvedtak, også i situasjoner hvor taushetspliktreglene ikke kommer til anvendelse, eller hvor det er tvil om rekkevidden av disse.*

*Offentlige interesser som anføres som grunnlag for lukking av dørene, må selvsagt være saklige, legitime og allmenne offentlige interesser, og ikke hensyn til politisk bekjemmelighet eller ønske om å beskytte seg mot kritikk. Begrunnelsen for lukking vil typisk knytte seg til forretningsmessige forhold, men det kan også være spørsmål om å søke å skjerme f.eks. opplysninger om offentlige kontroll- eller inspeksjonsrutiner."*

Vi håper Kontrollutvalet vil vurdere saka, og ser fram til å høre utvalet si mening.

Med vennlig helsing

  
Herborg Bergaplass  
Redaktør

Kopi:  
Stranda kommune

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 17.02.2010

**SAK 04/10  
FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2009 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2009 for Stranda kontrollutval.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## **STRANDA KOMMUNE**

### **KONTROLLUTVALET**

#### **ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2009**

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt å ha kontrollutval. Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpende tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og sammensetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eierskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

I valperioden 2007 til 2011 har utvalet følgjande samansettning:

Leiar: Inge Gjærde (H)  
Nestleiar: Per Berge (Frp)  
Medlem: Kari Johansen (H)  
Medlem: Arne Ola Stavseng (Sp)  
Medlem: Hildegunn Brune (Ap)

#### ***Aktiviteten i året***

Kontrollutvalget har hatt 6 møte i 2009 og behandla 28 saker. Møta har i stor grad blitt avvikla i samsvar med vedteken møteplan. I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmeldingar, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpende oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar.

Kontrollutvalet har behandla ein rapport om selskapskontroll og avgitt innstilling overfor kommunestyret på bakgrunn av dei tilrådingane som kom fram i rapporten.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon har kontrollutvalet vedteke ein gjennomgang av byggeprosjektet, Stranda sentrum. Denne gjennomgangen kom etter oppdrag frå

kommunestyret og vart innlemma i plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode. Kontrollutvalet har også starta ein prosess for prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2010. Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport om sjølvkostprinsippet innan VAR – området har også vore til behandling.

Vidare har kontrollutvalet halde seg orientert om skatteoppkrevjarfunksjonen samt generell oppfølging av revisjonsarbeidet i Stranda kommune. Kontrollutvalet har også halde seg orientert om etableringa av Strandafjellet KF.

Medlemane i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt prioritert å ivareta den styrka stillinga kontrollutvalet er forutsatt å ha etter ny lovgiving. Kontrollutvalget har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leiing.

Stranda, den 25.02.2010

Inge Gjærde leiar (sign.)	Per Berge nestleiar (sign.)	Kari Johansen medlem (sign.)	Arne Ola Stavseng medlem (sign.)	Hildegunn Brune medlem (sign.)
---------------------------------	-----------------------------------	------------------------------------	--	--------------------------------------